



Anders Sæter  
Leitet 14 A  
6650 Surnadal

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Ola Betten, 71 25 84 76

## Surnadal kommune - løyve til planting av sibirlerk på gnr15 bnr3

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gjev Anders Sæter løyve til utsetting av sibirlerk for skogproduksjon på gnr 15 bnr 3 i Surnadal kommune. Løyvet gjeld for tilleggsplanting i furubestand med inntil 15.000 stk. tre innafor eit areal på ca. 140 daa, UTM 6985800 496400 (32V). Løyvet er gitt i medhald i §§ 4 og 5 i "Forskrift om utsetting av utenlandske treslag til skogbruksformål". Det er sett vilkår til løyvet.

Vi viser til søknad datert 16.12.2021. Søknaden gjeld utsetting av sibirlerk (*Larix sibirica*) på eigedommen 15/3 i Surnadal kommune. Formålet med utsettinga er skogproduksjon, og ein skal supplere med nye tre på eit furubestand. Søknaden gjeld 15000 stk tre på eit område inntil 140 dekar. Utsetting av utanlandske treslag krev løyve etter forskrift om utsetting av utanlandske treslag til skogbruksformål av 25.05.2012 (heretter kalla forskrifta). Formålet med forskrifta er å hindre at utsetting av utanlandske treslag medfører eller kan medføre uheldige følger for naturmangfaldet, jf. § 1. Søknaden skal vurderast etter prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldlova (NML), jf. § 7 i NML.

### Vurdering

Ved vurdering av om det skal gjevast løyve til utsetting, skal eventuelle uheldige følger for naturmangfaldet vektleggast. Det skal leggast særleg vekt på om treslaget og eventuelle følgeorganismar medfører risiko for uheldige følger for det biologiske mangfaldet. Det kan ikkje gjevast løyve viss det er grunn til å tru at utsettinga vil medføre vesentlege uheldige følger for det biologiske mangfaldet, jf. § 7 i forskrifta.

Utplanting av utanlandske treslag kan ha ein negativ påverknad på naturmangfaldet ved å endre den naturlege artssamansetnaden og dei økologiske funksjonane på staden.

Sibirlerk er klassifisert av Artsdatabanken som ein art med lav risiko. Arten har per i dag ikkje nokon kjent påverknad på norsk natur ut over den effekten dei har på det arealet dei blir planta på. Vi har vurdert dei naturfaglege kvalitetane til plantearealet, og her er ikkje registrert verdfulle naturtypar. Det er ingen andre registreringar i Naturbase og Artskart i høve raudlisteartar eller andre relevante verdiar. Ut frå føreliggande kunnskap vil det ikkje planting av sibirlerk medføre uheldige følger for



naturmangfaldet i utsettingsområdet eller i eit større område, jf. NML §§ 8 og 10. Med bakgrunn i opplysningane i søknaden og kunnskapsgrunnlaget, vurderer vi spreingsfaren som låg, og faren for negative økologiske effektar som liten.

Føre-var-prinsippet kjem ikkje til bruk i denne saka, jf. NML § 9.

Kostnadane ved miljøforringing kan påleggast Anders Sæter, t.d. å fjerne utilsikta spreiring av utplanta sibirlerk, jf. NML § 11. Statsforvaltaren kan pålegge tiltak etter NML §§ 69-73.

Bruk av treslag med lav økologisk risiko er ei god miljømessig tilpassing i staden for at det vert brukt artar med høg risiko, jf. NML § 12. I tillegg er den som har fått løyvet til utsetting pliktig til å føre internkontroll, jf. § 10 i forskrifta.

### **Vedtak**

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gir Anders Sæter etter dette løyve til planting av sibirlerk på gnr 15 bnr 3 som omsøkt. Løyvet gjeld for 15.000 stk. tre på eit samla areal på 140 daa, jf. §§ 4 og 5 i Forskrift om utsetting av utenlandske treslag til skogbruksformål. Vi viser vidare til krava i forskrifta §§ 8, 9 og 10 om høvesvis varsemd, informasjonsplikt og krav til internkontroll.

Det vert sett følgjande vilkår til løyvet:

- 1) Dersom det vert oppdaga spreiring av sibirlerk utanfor plantefeltet, skal desse fjernast, og Statsforvaltaren i Møre og Romsdal må varslast.
- 2) Løyvet skal oppbevarast hos tiltakshavar og grunneigar inntil vilkåra i løyvet er oppfylt, jf. § 7 fjerde ledd i forskrifta.

### **Klagerett**

Vedtaket kan påklagast til Miljødirektoratet innan tre veker i samsvar med forvaltningslova. Ein eventuell klage skal opplyse om kva endringar ein ønskjer i vedtaket, og skal sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.

Med helsing

Bjarne Otnes (e.f.)  
fagleiar

Ola Betten  
prosjektleder

*Dokumentet er elektronisk godkjent*




Kopi til:

SURNADAL KOMMUNE

Bårdshaugvegen 1

6650

SURNADAL



Figur 1 Planteareala på gnr 15 bnr 3